

Forskargruppe i mellomalderfilologi, LLE

Fagleg rapport for 2022-2023

Denne rapporten presenterer den faglege rapporteringa for åra 2022-2023. Åslaug Ommundsen har vore leiar i denne perioden. Førre rapport, for 2019-2021, blei innsendt til HF-fakultetet i samband med sluttrapportering etter den tre-årige forskingssatsinga, der FIM, under leiing av Aidan Conti, var ei av tre utvalde forskargrupper til å motta støtte.

Oppsummering fagleg aktivitet 2022 og 2023

2022 byrja med avrunding av det tre-årig prosjektet med HF-støtte 2019-2021. 27. april 2022 lyste HF-fakultetet på nytt ut midlar til forskargruppene, denne gong såkornsmidlar (søknadssfrist mai). Me fekk i denne runden tildelt 50 000 som ei av til saman åtte forskargrupper. Vilkåret for støtta var at me skulle sende inn ein ny og meir omfattande søknad i november 2022 for å konkurrere om 150 000 årleg i tre år.

Søknadsprosessen innebar ein ny gjennomgang av forskingsplanane for 2022-2025, og FIM valde hausten 2022 ut fire satsingsområde:

- Regionalt samarbeid (a. Halsnøy kloster/Sunnhordland museum, b. Mellomaldermat, c. Landslovjubileet)
- Internasjonalt samarbeid (a. Det nordiske fragmentnettverket, b. Nordsjønettverket, c. Praha-samarbeid, d. Austerrike (Wien og Klosterneuburg))
- Oppjustering av digitale verktøy
- Søknadsaktivitet på høgt nivå (NFR, ERC, Nordforsk)

Søknaden oppnådde ikkje tildeling denne gong. Likevel har FIM i løpet av 2023 gjennomført 3 av 4 punkt i forskingsplanen frå 2022, blant anna ved hjelp av ekstern finansiering.

1) Regionalt samarbeid

Medlemmene deltek i regionalt samarbeid på ulike nivå. Både Stefan Drechsler og Helen Leslie-Jacobsen er involverte i arbeidet med **Landslovjubileet** som vil bli markert i 2024 ([Magnus Lagabøtes landslov 750 år | Middelalderklyngen | UiB](#)).

Eit samarbeid med Sunnhordland museum om **skriftkulturen på Halsnøy kloster** blei planlagt av Conti og Ommundsen i 2022 og gjennomført i form av to seminar: eit halvdagsseminar organisert i samarbeid med Spesialsamlingane ved Universitetsbiblioteket (mars 2023), og eit [todagars seminar](#) organisert i samarbeid med Sunnhordland museum ved Halsnøy kloster (september 2023). Dei 15 deltakarane kom frå Universitetet i Bergen, Sunnhordland museum, Nasjonalbiblioteket, Vestland fylkeskommune, Arkivverket. Seminaret i september blei støtta av Universitetsfondet med 35 000,-, og ein underskotsgaranti frå LLE.

2) Internasjonalt samarbeid:

I denne toårsperioden har me også ivareteke ulike internasjonale nettverk. Samarbeidet innanfor det nordiske fragmentnettverket har fortsett, blant anna gjennom seminarmøte og søknadsverksemd (ERC Synergy Grant, sjå nedanfor).

I 2022 vann Lucie Dolezalová og Helen Leslie-Jacobsen eit **EEA mobility grant** for at 12 personar frå Praha kunne besøke Bergen. Føremålet var ein workshop om digital humaniora og mellomalderforskning. Workshopen [Medieval Studies in the Digital World](#) blei gjennomført i juni 2023, og delfinansiert gjennom forskargruppa Lov og kultur i det førmoderne nord.

Conti og Ommundsen organiserte **to sesjonar ved IMC Leeds** i juli 2023 (*Manuscripts and Ecclesiastical Networks in the High Middle Ages I & II*), begge på konferansens første dag 3. juli. Sesjonane hadde tre bidragsytalar frå Bergen (Ommundsen, Conti og Synnøve Myking) og tre frå Wien (Katarina Kaska og Veronika Drescher frå det austrikske Nasjonalbiblioteket og Christoph Egger frå Universitetet i Wien). Det overordna målet var å skape meir fagleg samarbeid om mellomalderhandskrifter og bokfragment med kollegaer ved institusjonar i Austerrike (Klosterneuburg og Wien). Som ei vidare oppfølging diskuterer me eit besøk frå Bergen til Wien i 2024.

3) Søknadsaktivitet

Åslaug Ommundsen, ERC Synergy Grant-søknad 8. november 2022, med prosjektet CODICUM. Hamna blant topp 10% av innsende søknader etter intervju, men nådde ikkje opp til tildeling. Ny søknad innsendt 15. november 2023.

Stefan Drechsler, Nordforsk: forskingmidlar for yngre forskrarar til prosjektet: «Nordiske lovbøker: produksjon og bruk av folkerettslige manuskripter i nord fra 1100 til 1600 (NordicLaw)». Tildeling. Prosjektstart desember 2023.12.15

Helen Leslie-Jacobsen, ERC Consolidator Grant-søknad 2. februar 2023 med prosjektet «The Story World of the Medieval Faroe Islands». Ho kom vidare til intervju og nådde høgt opp i søknadsprosessen, men utan tildeling.

Bergen, 15.12.2023

Åslaug Ommundsen